

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 23.03.2018

Vår ref.: 201104288-25

Arkiv: 317

Deres dato:

Deres ref.:

Saksbehandler:

Katarina Eftevand

## Oversending av revisjonsrapport og varsel om vedtak om retting - Marine Harvest Norway AS, avd. Steinsvik

Vi viser til revisjon og anleggsinspeksjon av Marine Harvest Norway AS avd. Steinsvik og sender rapport frå revisjon som vart gjennomført 6.-7.mars 2018. Revisjonen vart varsla i brev datert 9.2.2018.

Ved gjennomgang av konsesjonskrav og krav etter internkontrollforskrifta blei det funne 4 avvik og gitt 3 merknader. Revisjonsrapporten oppsummerer revisjonen og skildrar dei avvik og merknader som vart gitt. Dokumentasjon på lukking av avvik skal sendast NVE innan gitt tidsfrist.

NVE varslar om at vi vil vurdere å treffe vedtak om retting dersom avvika ikkje er retta innan dei fristar som er sett. Frist for å uttale seg til saka er sett til **12.4.2018**. Vi oppmodar særskilt om at faktiske opplysningar som gjeld saka, vert korrigert eller supplert. Dersom NVE ikkje har motteke uttale innan fristen, vil NVE sjå på denne rapporten som endeleg.

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen  
avdelingsdirektør

Mari Hegg Gundersen  
seksjonssjef

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



Vedlegg: 1 Revisjonsrapport

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Kopi:

# Revisjonsrapport

Revidert enhet:	Marine Harvest Norway AS, avd. Steinsvik; Org.nr: 972 139 238
Revisjonsdato:	6.-7. mars 2018
Sted:	Steinsvik settefiskanlegg, Folkestad i Volda kommune
Medvirkende fra revidert enhet:	Produksjonssjef Ferskvann, region midt- John Ivar Sætre Driftsleiar avd. Steinsvik - Frode Sætre Biologisk kontrollør – Karoline Holen Teknisk leiar – Øyvind Fylling Kriken Teamleder – Per Steinsvik Teamleder – Bjørn Kristensen Teknisk ansvarleg – Johannes Lillenes
Revisorer fra NVE:	Revisjonsleiar – Katarina Eftevand Medrevisor – Randi Holme Medrevisor – Sigrun Birkeland Rawcliffe Observatør - Anne Grete Kleven
Seksjon	Seksjonssjef Mari Hegg Gundersen, seksjon for miljøtilsyn vassdragsanlegg (TBMV)

## 1 Innleiing

### 1.1 Bakgrunn og føremål med revisjonen

Miljøtilsynet består av ein systemrevisjon og ein anleggsinspeksjon. Etter § 7 i forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR-2011-28 nr. 1058, IK-vassdrag) har NVE ansvar for å føre tilsyn med at forskrifta vert oppfylt.

Føremålet med ein systemrevisjon er å kontrollere at verksemda oppfyller kravet om å etablere eit internkontrollsystem for det enkelte vassdragsanlegg som sikrar at krav til natur, miljø og landskap vert ivareteke på ein tilfredstillande måte i samsvar med vassdragslovgjevinga, forskrifter, konsesjonsvilkår, pålegg og godkjende detaljplanar.

Føremålet med å gjennomføre ein anleggsinspeksjon er å kontrollere at anlegget sin tilstand er i tråd med nemnde krav. For anlegg i driftsfasen er det lagt vekt på landskaps- og miljøtiltak som til dømes tersklar, kontroll og informasjon knytt til manøvreringsreglement, minstevassføring og rydding av elveløp/flomløp. Forventa standard knytt til natur og miljø er å finne på NVE sine heimesider, blant anna i faktaark «God praksis».

### 1.2 Revisjonsgrunnlag

I denne revisjonen var revisjonsgrunnlaget følgjande:

- Lov om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova)
- Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (IK-vassdrag)
- Konsesjon til vassuttak frå Vassbakkvatn/Tungeelva datert 31.8.2010 og KI-notat 63/2010  
Bakgrunn for vedtak

- Detaljplan for miljø og landskap (bygging av fisketrapp og slepp/dokumentasjon av minstevassføring med tilhøyrande godkjenningar)
- Motteken dokumentasjon og intervju

### 1.3 Tema for revisjonen

Revisjonen omhandla IK-vassdrag generelt med særskild fokus på:

- Målingar og registreringar (IK-vassdrag § 5.5)
- Kartlegging av farar og problemområde (IK-vassdrag § 5.6)
- Handtering av avvik (IK-vassdrag § 5.8)

### 1.4 Funn

4 avvik

3 merknader

Avvik er: Brot på krav i regelverk og løyve gitt i eller i medhald av energi- og vassdragslovgevinga og anna lovgjeving NVE forvaltar.

Merknad er: påpeking av forhold med moglegheit for forbetring eller et forhold som bør vurderast nærmare av verksemda, men som ikkje er brot på gitte krav.

### 1.5 Generelle kommentarer

Revisjonen vart gjennomført hos Marine Harvest Norway AS, avd. Steinsvik og omfatta synfaring av inntak/minstevassføringsarrangement ved Vassbakkelva og Tungeelva og fisketrapp ved Vassbakkelva. Det vart vidare gjennomført intervju med dei tilsette på anlegget. NVE hadde som førebuing til revisjonen fått tilsendt utdrag frå TQM som er MHN sitt kvalitetssystem. MHN stilte med 7 personar, noko NVE ser på som positivt. Vi valte å intervju 4 av dei tilsette. Det vart gitt god og utfyllande informasjon både i intervju og under synfaringa. Leiinga ved anlegget har god kjennskap til dei plikter som følgjer av vassdragskonsesjonen, godkjende detaljplanar og pålegg. NVE registrer likevel at verksemda si oppfølging av krav som følgjer av desse kan bli betre.

*Fokusområde målingar og registreringar:* Det vert gjennomført målingar og registreringar av vasstandsnivå og minstevassføring. Under tilsynet blei det avdekka at registrering av minstevassføring, ved manuell logg, blei etablert først i oktober 2017. Etter NVE si vurdering er dette kritikkverdig. Det følgjer klart av vassdragskonsesjonen og godkjende detaljplaner at minstevassføring skal loggast automatisk og at data skal lagrast og kunne leggest fram for NVE på forlangande. Under synfaring og intervju vart det avdekka at registrerte data ikkje blir logga automatisk jf. avvik 1. Det er heller ikkje etablert målestav/display i Vassbakkelva og Tungeelva eller vasstandsmerke ved Vassbakkvatnet jf. avvik 2.

*Fokusområde farar og problemområde:* Det er gjennomført ROS-analyser for fleire tema, men det dekker i liten grad ytre miljø som til dømes minstevassføring, vassdisponering i periodar med lite nedbør jf. vår merknad nr. 2. Med bakgrunn i NVE sin kjennskap til potensielle problem med vasskjelda og tilgang på vatn i periodar med lite nedbør rår vi til at verksemda supplerer eksisterande ROS-analyse med dei ovanfor nemnde tema.

*Fokusområde handtering av avvik:* Dei tilsette på anlegget registrerar avvik i TQM-systemet. Skriftleg definisjon av avvik er ikkje godt nok tilpassa MHN avd. Steinsvik. Dette førte til at avvik knytt til

automatisk logging/lagring av loggedata ikkje vart registrert og handtert som avvik. Det finns heller ikkje ei skriftleg prosedyre for avvikshandtering jf. avvik 4.

## 2 Skildring av avvik

Avvik 1	
Krav	<b>Konsesjon til vassuttak frå Vassbakkelta/Tungeelva datert 31.08.2010, post 1:</b> «Måleanordning for registrering av minstevannføring skal etableres ved slippstedene. Dataene skal forelegges NVE ved forespørsel»
Avviket	System for automatisk logging av minstevassføring er etablert, men fungerer ikkje som det vart søkt om i detaljplanen som er godkjent av NVE. Loggedata kunne ikkje leggest fram for NVE.
Dokumentasjon	Inspeksjon av inntak i Vassbakkvatn og Tungeelva 06.03.2018. Opplysningar i intervju 06.03.og 07.03.2018. NVE har ikkje fått tilsendt loggedata, ut over manuell logg frå og med 04.10.2017, slik vi ba om i varsel om revisjon datert 08.02.2018.
Hvordan lukke	Verksemda skal sørge for at system for automatisk logging av minstevassføring fungerer i samsvar med godkjende detaljplanar datert 07.03.2012 og 09.11.2015. Skriftleg dokumentasjon på at avviket er lukke skal sendast til NVE.
Frist for lukking	01.06.2018

Avvik 2	
Krav	<b>Konsesjon til vassuttak frå Vassbakkelta/Tungeelva datert 31.08.2010, post 4, jf. KI-notat 63/2010 :</b> «Det skal settast opp merke ved Vassbakkvatn som viser høgaste og lågaste regulerte vasstand og eit informasjonsskilt som informerer om vilkåra for reguleringa»
Avviket	Det manglar målestav/display, vasstandsmerke ved Vassbakkvatn som viser HRV og LRV og fastmerke bolt. Det manglar målestav ved Tungeelva.
Dokumentasjon	Inspeksjon 06.03.2018. Opplysningar i intervju 06.03 og 07.03.2018.
Hvordan lukke	Det skal etablerast vasstandsmerke ved Vassbakkvatn som viser HRV og LRV og fastmerke bolt. Det skal etablerast målestav i samband med v-overløpet i Tungeelva og målestav/display ved Vassbakkelta. Målestav og vasstandsmerke skal vere etablert i henhold til gjeldande høgdesystem NN 2000. Opplysningsskilt på lukehuset må justerast. Skriftleg dokumentasjon, inkludert bilete, skal sendast til NVE.
Frist for lukking	01.05.2018.

Avvik 3	
Krav	<b>Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga (IK-vassdrag)</b> <i>§ 5-7: Den ansvarlige skal konkretisere hvordan vilkår og betingelser satt i konsesjoner, godkjenninger og lignende skal oppfylles.</i>
Avviket	Verksemnda kunne ikkje legge fram skriftleg prosedyre for korleis vilkår og føresetnader i konsesjon frå NVE datert 31.08.2010, og godkjende detaljplanar datert 07.03.2012 og 09.11.2015, skal oppfyllest.
Dokumentasjon	Skriftleg prosedyre kunne ikkje leggest fram under revisjonen 06. og 07.03.2018. Mangel på prosedyre er konkretisert gjennom avvik på lagring av loggedata frå Vassbakkelva og Tungeelva.
Hvordan lukke	Verksemnda skal utarbeide ei skriftleg prosedyre som konkretiserer korleis vilkår og føresetnader som er sett i konsesjon, godkjenningar og lignende skal oppfyllest. Prosedyren skal gjerast kjent og implementerast i verksemnda. Dokumentasjon på at dette er gjennomført skal sendast til NVE.
Frist for lukking	01.05.2018.

Avvik 4	
Krav	<b>Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga (IK-vassdrag)</b> <i>§ 5-8: Den ansvarlige skal utarbeide og gjennomføre rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge avvik.</i>
Avviket	Skriftelg definisjon av avvik er ikkje godt nok tilpassa MHN avd. Steinsvik. Dette førte til at avviket knytt til automatisk logging/lagring av måledata ikkje vart registrert og handtert.  Verksemnda kunne ikkje legge fram skriftleg prosedyre for avvikshandtering.
Dokumentasjon	Intervju 06. og 07.03.2018.  NVE ba om å få tilsendt dokumentasjon og skrifteleg prosedyre for avvikshandtering før revisjonen utan å få det.
Hvordan lukke	Definisjon av «avvik» skal vere tilpassa Steinsvik settefiskanlegg. Det skal utarbeidast skriftleg prosedyre for avvikshandtering. Dokumentasjon på at dette er gjennomført skal sendast til NVE.
Frist for lukking	01.05.2018.

### 3 Skildring av merknader

Nr.	Beskrivelse av merknad
1	<p><b>Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (IK-vassdrag)</b></p> <p><i>§ 5-5: Den ansvarlige skal foreta og protokollere de målinger og registreringer som er nødvendige eller pålagt for å sikre at anlegg og tiltak drives i samsvar med krav fastsatt i eller i medhold av vassdragslovgivingen</i></p> <p>MHN, avd. Steinsvik kunne ikkje dokumentere at det er gjennomført kontrollmåling av minstevassføring i Tungeelva og Vassbakkelva. Kontrollmåling (kalibrering) er naudsynt for å kunne verifisere at det vert sleppt riktig mengd vatn og at arrangement for minstevassføring er etablert i samsvar med teoretiske utrekningar.</p> <p>Vi viser til NVE sine «Retningslinjer for registrering av konsesjonspålagt minstevannføring» datert 20.06.2016, på <a href="http://www.nve.no">www.nve.no</a>.</p>
2	<p><b>Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (IK-vassdrag)</b></p> <p><i>§ 5-6: Den ansvarlige skal kartlegge farer og problemer med hensyn til miljø og sikkerhet og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og gjennomføre tiltak for å redusere risikoforholdene</i></p> <p>Verksemda har gjennomført risikokartlegging, men denne dekker i liten grad ytre miljø som til dømes: vassdisponering i periodar med lite nedbør, vassuttak og minstevassføring.</p>
3	<p><b>Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (IK-vassdrag)</b></p> <p><i>§ 5-9: Den ansvarlige skal foreta systematisk gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt, f.eks. gjennom interne revisjoner</i></p> <p>Verksemda føretek systematisk gjennomgang av internkontrollen, men det er noko uklart om krav i IK-vassdrag er omfatta av interne revisjonar av kvalitetssystemet.</p>